

SJØFUGLSEMINAR

28.2 -1.3 2017

*"Kva et
sjøfuglane?"*



Fugl, fisk og teknologi

På vegne av NTNU, Rolls-Royce Marine og Runde Miljøsenters ynskjer vi deg velkommen til sjøfuglseminar og workshop på Runde Miljøsenters 28.2 - 1.3 2017! Vi oppmodar deg om å sette av tid til å ta del på dette arrangementet.

Vi skal sjå på samanhengene mellom mattilgangen i havet og den dramatiske nedgangen i sjøfuglbestandane på Runde.

Vi har invitert både havforskarar og fugleforskarar til å vere med å bidra med tverrfagleg kunnskap om dette viktige temaet. Vi har òg invitert NTNU og andre forskingsmiljø til å vere med på ein stor «forskingsdugnad» ved Runde.

Forskingsskipet "FF Gunnerus" frå NTNU i Trondheim kjem til Runde i slutten av juni og skal kartlegge beiteområda for sil og andre artar som er viktige for sjøfuglane. Seminaret vil fokusere på situasjonen i fuglefjellet på Runde: Kva er årsakene til den dramatiske nedgangen i fleire av sjøfuglbestandane og kva kan vi gjere for å følgje med på utviklinga, og korleis vi kan nytte oss av moderne teknologisk utstyr til å overvake sjøfuglane og mattilgangen i havet. Kva tiltak kan setjast i verk for å betre situasjonen?

Dag 1: Seminar

Foredragshaldarane vil få fram kva kunnskap ein har om fuglane og situasjonen for dei viktigaste fiskeartane som fuglane lever av. Eit viktig spørsmål er om klimaendringar i havet er hovudårsak til den negative utviklinga for sjøfuglane i Nord-Atlanteren.

Dag 2: Workshop

Planlegging og prioritering av forskingsoppgåver og metodar. Forskarane frå NTNU vil bruke ei heil rekke fjernstyrte farkostar og avansert måle- og kartleggingsutstyr styrt frå "FF Gunnerus" som har fått installert ny teknologi for framdrift og posisjonering frå Rolls-Royce Marine. NTNU og Kongsberg-Maritime bidrar med ei rekke fjernstyrte fartøy og dronar. Dette saman med dei høg-oppløyslege sjøkarta ved Runde gir nye muligheter for å observere og forstå sjøfuglane på ein heilt ny måte.

Ein av dei viktigaste fødeartane for sjøfuglane er sil (*Ammodytes ssp.*) og vi skal studere særleg denne arten heilt frå at den er nedgravd i sjøbotnen til den endar opp som mat for ungane til lundefuglen. Andre artar som sild og småsei skal òg studerast. Toktet skal på fleire ulike vis formidlast slik at skuleelevar og publikum kan følgje med.

Tysdag 28. Februar - SEMINAR

- 10:00** Velkomen Tema og dagsplan
- 10:15** Robert T. Barret: «Norwegian seabirds under pressure – how much is food a factor?»
- 11:00** Martin Heubeck: «How are the seabirds at Shetland doing»
- 11:40** Ingar S. Bringsvor:
«Maten til sjøfuglane dokumentert med høgoppløysing kamera»
- 12:00** Lunsj
- 13:00** Reidulv Bøe: «Geologi på havbotnen - viktig for sjøfuglane»
- 13:30** Roger Kvalsund: «Ny kunnskap om sil (tobis) ved Runde»
- 14:00** Espen Johnsen: «Frå elendig 2015-årsklasse til ein enorm rekruttering av havsil i Nordsjøen i 2016 – kva kan årsaka til dette vere? »
- 14:20** Kaffipause
- 14:30** Kjell Arild Orvik:
«Havstraumane ved Norskekysten. Kva betyr dei for klima, fisk og sjøfugl?»
- 15:00** Asgeir Sørensen og Martin Ludvigsen:
«Bruk av marine robotar til kartlegging og overvaking av sjøfugl og fisk»
- 15:30** Rolls Royce og NTNU: Presentasjon av Forskingsskipet «FF Gunnerus»
- 16:00** Geir Johnsen, (Toktleiar på "FF Gunnerus"):
«Bruk av ny teknologi for økosystemobservasjonar i luft og vatn»
- 16:30** Vi rundar av fyrste fagdagen (utdeling av matpakke)
- 19:00** Festmiddag, her kan vi bruse litt med fjørene og kose oss med mat frå havet.

Onsdag 1. Mars - WORKSHOP

- 08.30** Frukost
- 09.30** Vi summerer opp dag 1, Geir Johnsen (NTNU)
- 10.00** Planlegging og organisering av tokt
- 11.30** Lunsj
- 12.30** Vi summerer opp og konkluderer
- 14.00** Avslutning - vel heim!

[Meir informasjon om prisar og påmelding finn du her](#)